

# De Bonos tenkehattar

Slik arbeider de i Luster


Tipset er laget av Ragnhild Sviggum

Til bruk i samtalegruppene og i  
klasse møtene

# De Bonos tenkehattar


- Ein metode for å belyse alle sider av ei sak
- Ei øving i å sjå ting frå nye perspektiv og med ope sinn
- Fokus på konstruktive løysingar
- Handlar ikkje om kven som har rett og kven som tek feil
- Betring av kommunikasjonen

# Kvit hatt



- Metode for å skilje rein informasjon frå vurdering. Den inneber fakta, statistikkar, nøytral og objektiv informasjon, i motsetnad til argument, spekulasjon, meiningar og tolkingar.

# Blå hatt




- Å tenke om det å tenke
- Den blå hatten leier og organiserer tenkinga og gjev overblikk
- Er opptatt av kontroll, samanfattar og konkluderer
- Handlar om prosessen: Kva har me gjort? Kva gjer me no? Vegen vidare?

# Svart hatt




- Kritisk tenking
- Vurderer problem, vanskar, farar og hinder
- Handlar om forbehold og forsiktigheit
- Peikar på svakheiter ved ein ide

# Raud hatt




- Intuisjon, innleving, magefølelse og temperament
- Positive og negative kjensler
- Treng ikkje grunnjevnsad
- Representerer den emosjonelle synsvinkelen.

# Gul hatt



- Positiv, konstruktiv, produktiv og visjonær tenking
- Mogelegheitsbasert
- Den gule dreier seg om positiv vurdering, slik som den svarte dreier seg om negativ vurdering.

# Grøn hatt



- Kreativitet. Nye idear, bruk av kvarandre sine idear.
- Kritikk ikkje tillate
- Ynskjer å bringe oss ut av vande tankemønster.



# Fargesymbol

- Forskjellige fargar symboliserer dei ulike tenkemåtane som vert nytta i løpet av problemløysningsprosessen. Når me bytter ut ein hatt med ein annan, endrar me faktisk måte å tenke på samstundes.
- Gruppleiaren instruerer deltakarane i kva hatt dei skal ta på seg og kva spørsmål dei skal svare på.
- Metoden kan nyttast under idédugnad for å få fram nye løysningar, mogelegheiter og forslag.
- Den er også til hjelp når ein situasjon skal definerast, og tek positive, negative og kjenslemessige aspekt med i betraktningen. Dette verktøyet gjer det lettare å treffe slutningar og planlegge vegen vidare.

# Problemløysing (1)

- **Blå hatt:** Gruppa må velje eitt konkret problem som skal løysast. Bli samde om kor mykje tid de kan bruke. Finn ut kva slags resultat de ynskjer av møtet (skal konklusjonane/løysningane skrivast ned?)
- **Kvit hatt:** Spør kven som ynskjer å presentere problem, vanskar eller bekymringar. Den som sit med problemet, beskriver situasjonen og legger fram fakta. Alle høyrer etter. Etter ein stund kan deltakarane be om fleire fakta. Sørg for at samtalen er sentrert rundt innsamling av data, ikkje forklaringar

# Problemløysing (2)

- **Raud hatt:** Den som har problemet, forklarer kva kjensler han/hun sit med. Dette kan få fram indre forklaringar, intuitive kommentarar og subjektive synspunkt. Etter at førstemann er ferdig, kan dei andre stille spørsmål eller snakke om egne kjensler relatert til problemet
- **Grøn hatt:** Gje deltakarane tid til å finne løysningar på problemet kvar for seg. Alle tek notatar. Etter ei lita stund (ca. fem minutt) vert alle forslaga samla inn og skrivne opp på tavla. Foreløpig skal dei ikkje diskuteraast.
- **Blå hatt:** Alle må bli samde om kva løysning gruppa vil arbeide vidare med. Alternativ: Den som sit med problemet, får sjølv velje løysning.



# Kva informasjon har du?

- **Kvit hatt:** Forsøk å oppsummere informasjonen om løysningen dersom den ikkje er tydeleg nok. Døme: For å løyse problemet med fråver kan me gå inn for ein løysning som inneber tettare kontakt med foreldra. På dette trinnet må gruppa definere presist kva som skal gjerast – komme i kontakt med foreldra og oppretthalde denne kontakten, gjere avtalar med dei, sette av tid ... osv.
- **Gul hatt:** Spør kva positive sider løysninga har. (Kvifor den skal brukast, kva er dei heldige konsekvensane osv.) Drøft dei i ein sirkel og skriv ned resultatata
- **Svart hatt:** Drøft dei negative sidene ved løysninga. (Kva truslar inneber den? Kva vil dei uheldige konsekvensane vere, og kvifor bør ikkje løysningen brukast?) Skriv ned resultatata av diskusjonen.

# Kva informasjon har du?

- **Blå hatt:** Spør vedkomande som la fram problemet om kva som må gjerast i umiddelbar framtid. Alle kan komme med eigne framlegg. Dette kan være et viktig utbytte av møtet – og det kan være lurt å ta notatar. Etter diskusjonen blir gruppa spurt korleis den vil halde fram. Ein mogelegheit er å ta fram igjen lista over ulike løysningar, finne ei alternativ løysning og så gå frå trinn 8 til 10. På trinn 11 kan dei to løysningane samanliknast. Ein annan mogelegheit er å sette i gang ein detaljert debatt om den første løysningen eller å byrje frå trinn 4 med eit heilt nytt problem. Viss de har tid, kan de utfordre ein annen til å presentere neste problem.
- Endelig refleksjon rundt møtet.

# Parallell-tenking

- Alle må ha på seg same hatt samstundes. Denne regelen må aldri fråvikast.
- Me må sørge for å bruke dei hattane som me meiner problemstillinga krev. Alle hattane er i utgangspunktet like gode og like viktige.
- Me benevner hattane med farge, ikkje funksjon, fordi farge er meir nøytralt